



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

20.02.2023

Vår ref:

2023/1036

Dykkar dato:

/

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004
/

Tilbakemelding etter kommunebesøk i Alver kommune 2023

Vi viser til hyggeleg og nyttig kommunemøte med Alver kommune i Knarvik 26. januar 2023, og Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde presentasjoner og ein nyttig dialog om dei sentrale temaene som var sett på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren er involvert og har eit ansvar gjennom statlege oppgåver. Kommunebildet har nøkkeltal med relevante faktaopplysningar og embetet sitt inntrykk av kommunen som heilskap og for kvart fag- og forvaltningsområde. Vi brukar ein trafikklysmodell for å visualisere inntrykket vårt av dei enkelte teneste- og forvaltningsområda. Vurderingane som ligg til grunn for «trafikklysa», er bygt på kvalitet, sårbarheit og berekraft. Dette blir sett i samanheng med framtidsperspektivet, utfordringar og handlingsrom for det enkelte området.

Statsforvaltaren førebrur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av bestemte tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For kommunen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje viktige signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

I kommunebildet for Alver er informasjon henta frå offentleg statistikk bygt på tilgjengelege data per desember 2022, som betyr at sentrale nøkkeltal er frå 2021 og tidlegare.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i kommunebesøka er inndelte etter overordna oppgåver- og roller til kommunane:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.



Etter besøket til Alver kommune har vi kort samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Tenesteytar og myndighetsutøvar

Dialogtema var knytte til berekraftige tenester med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse, barnevern, psykisk helse og førebygging av utanforskap for barn og unge, omsorgstenester, opplæring, innvandrarar og drikkevassforsyning. At Alver er ein ny kommune frå 2020, og at det har vore ein pandemi, er gjennomgåande for korleis kommunen arbeider innan desse områda. Samtidig med den løpende drifta, har kommunen prioritert å få på plass heilskapleg verksemdstyring med overordna planverk (planstrategi, kommuneplan med temaplanar innan helse og omsorg, oppvekst, vatn og avlaup) og samanhengen med budsjett og økonomiplan. Inntrykket vårt er at dei moglegheiter, utfordringar og forbeteringar som vi diskuterte, er eller skal bli varetekne i den heilskaplege verksemdstyringa. Enkelte tiltak (t.d. akuttberedskapen for barnevern) blir likevel løyste gjennom eigne prioriteringar. Dette gjeld òg det løpende arbeidet med rekruttering og behov for framtidig kompetanse, særleg innan helse og omsorg og tekniske tenester.

Styring og forvaltning

Dialogtema var knytte til økonomisk handleevne og berekraft, langsiktig gjeld, klimaendringar i overordna ROS og disponering av jordbruksareal. Kommunen har ein utfordrande økonomi, og det er budsjettet med svake resultat og bruk av frie fond i økonomiplanperioden fram til 2026. Det er gjort tiltak for å redusere netto lånegjeld, slik at gjelda samanlikna med driftsinntektene blir redusert utover i planperioden. Kommunen peikar sjølv på at det skjer større endringar i demografien med fleire eldre og færre barn i barnehage og skule, som ei årsak til at det er utfordrande å tilpasse hensiktsmessige strukturar og drift på desse tenestene samanlikna med det kommunen får gjennom statlege overføringer. Statsforvaltaren vil som tidlegare år gje ei eiga tilbakemelding på vedteke budsjett for 2023 og økonomiplan for perioden 2023-2026.

Samfunnstryggleik og beredskap inngår i kommuneplanen. Kommunen ønskjer å utvikle godt samvirke mellom kommunen og statlege etatar relatert til tiltak og hendingar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen skal gjennomføre ein forvaltningsrevisjon om korleis pandemien vart handtert. Risiko for klimarelaterte hendingar inngår i arealdelen. Klimamål og tiltak blir forankra i overordna planar.

Alver er ein kommune med eit utbyggingspress i dei ulike sentra, og i tillegg har ein stor del av kommunen spreidd utbygging. Dette gjev utfordringar for å vareta jordbruksareal og omsynet til bustad-, areal- og transportplanlegging (jf. eigne statlege retningsliner). Landbruk er eit sentralt tema i pågående arbeid med arealdelen, og kommunen legg til rette for god medverknad i planarbeidet. Fagområdet blir i kommunen tidleg kopla inn der det er saker mellom landbruk og fortetting gjennom utbygging.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena

Dialogtema var knytte til miljømessig og sosial berekraft og tiltak i vassdrag. Miljømessig og sosial berekraft blir organisatorisk vareteke gjennom at overordna planlegging er samordna og prosjektstyrт frå same avdeling i organisasjonen. Kommunen prioriterer å leggje til rette for medverknad i ein tidleg fase av planlegginga. Berekraftsperspektivet er sentralt i den nyleg vedtekte samfunnsplanen. I det pågående arbeidet med arealplanen blir òg samfunn og tenester sentrale tema.

Kommunen arbeider med forvaltningsplan(ar), som skal gje meir føreseieleg forvaltning av tiltak i vassdrag.



Oppfølging

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet fokusområde etter statlege forventningar, nasjonal politikk og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Alver kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunebesøket. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

Kommunebildet for Alver blir lagt ut på vår heimeside:

<https://kommunebilde.statsforvalteren.no/publisert/46/4631/e8506767-9788-4ea6-b1df-e5babbe62d38>

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent